



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 10

DESEMBER 1980

30. årgang

LJOSE STJERNER SKIN

AV UNNI WOLD (oktober 1980)



*Ljose stjerne skin —
høgt over heimen min —
Lat meg i din glans få kvila —
lat meg sjå ein engel smila —
Gjev meg salig ro —
i din glans få bo.*

*Ljose stjerne mild —
lat meg få høyra til —
som ei stjerne på din himmel —
langt frå jordelivets vrimmel —
Slik at eg i natt —
finn min Frelsar's skatt.*

*Ljose stjerne blid —
hjelp meg på rette sti —
så eg Jesu stall kan finna —
om Guds kjærleik eg vert minna —
Ver mi lykt, mitt mot —
lys du for min fot.*

*Ljose stjerne skin —
lyst over Frelsar min —
så eg aldri han vil mista —
aldri mørket meg få frista —
Julestjerne klår —
trygt med deg eg går.*

I tidens fylde

Kaare Rogstad

Dei gamle profetane som i om lag 2000 år hadde spådd at Gud eingong skulle senda Messias til jorda for å frelsa alt folket, hadde aldri nemnd når han skulle koma. Dei nytta seg av uttrykket: «tidens fylde». Mange ting kan ligga i denne formularen, — t.d. at lidingsbegret skulle vera fullt for Israelfolket, eller kanskje var det tilhøva som skulle vera ferdig tilrettelagt for evangeliets ferd ut gjennom verda. I så måte må ein sjå på Aleksander den stores innføring av sams hellenistisk kultur i Midtaustlanda og seinare Romerrikets frammarsj kring heile Midhavet som ein stor føremon når læresveinane sidan skulle vandra ut med bodskapet. Paulus til dømes, som for gjennom alle land i Lilleasia, gjennom Grekenland, Italia, Sydfrankrike og trulegvis Spania, han reiste heile tida i same keisarriket med det same borgarbrev. Likevel er det vel helst Guds time som ligg i profetens ordval. «Tidens fylde» var når Gud såg at den laglege tid var inne.

Underleg er det for oss å veta at jødefolket var fullt overtydd om Messias' komme og trudde minst like fullt og fast på Han som vi, og det like lenge før Kr.f. som vi lever etter Kr.f. Farisearane på Jesu tid hadde den overtydinga at Messias skulle koma på den dagen heile folket samstundes hadde greidd å halda alle Guds bod dagen tilendes. Da skjø-

nar vi at det var forventning tilstades. Men vel var det ikkje alle som venta. Mange var meir opptatt av livsens lyst og dagens krav, dei nære ting. Men dei som venta — dei stille i landet, vart dei kalla, dei fekk sjå frelsa då Messias kom. Dei tok vel til med gjetarane på Betlehemsmarka, med Simon og Anna i templet, med læresveinane, dei 70 som vart utsende og dei mange, mange som fekk møta Frelsaren i sitt liv.

Menneska kan ikkje frelsa seg sjølv. Det seier Guds ord, og all verdens soge stadfester det. Menneska hadde årtusener til rådvælde før Messias kom, og store kulturar hadde oppstått og forgått, men mennesket var likevel prisgitt livets spel og menneskeleg lidenskap og gir. Nauda på jord var så djup og stor at Gud sjølv laut stiga ned og gjeva menneska utløysing gjennom sonen sin, den einborne, Jesus Kristus. Evangelisten Johannes uttrykker dette slik: «Ordet var kjøt og tok bolig iblandt oss». Friviljug kom han til jord og friviljug gjekk han opp på krossen for at «vi skulle ha fred med Gud».

Juleevangeliet er like aktuelt gjennom alle tidars skiftande soge. Mannehjartet er det same gjennom alle tusenår og under alle himmelstrøk. Alle har vi den håttten i oss at vi vil oss sjølv og vår eigen lyst, men samstundes

(Framh. s. 2).

SLEKTERS GANG



Døpte

ORKLAND:

02.11. Håvard Metliås

ORKDAL:

02.11. Wenche Rigstad

Siv Merete Withbro
Ellen Marie Øien Kulbotten
Bjørn Tore Halgunset d. i
Narvik

16.11. Unni Lunde

ORKANGER:

16.11. Anita Ebbesen



Vigde

ORKLAND:

08.11. Joar Stølhaug og Tove Dahls

ORKDAL:

01.11. Morten Ødyn og

Maret Katrine Berg (pr.ktr.)

17.10. Tore Husby og

Gunvor Asbøll (Soreskr.ktr.)



Døde

ORKLAND:

11.11. Annette Grø f. 1891

ORKDAL:

03.09. Martha Fossum f. 1911

26.09. Einar Lynum f. 1900

03.10. Sivert Fandrem f. 1889

15.10. Karl Gjøsås f. 1898

23.10. Johanna Elvbakken f. 1891

04.11. Trygve Hammer f. 1930

Orkdal menighet

Juledag

blir det julekonsert i kyrkja kl. 20. Dei vanlege kor og orkester deltar.

Bibeltime

i Megarden 21.1. kl. 20

Aksjonsveke

skal det verta i februar. Gunnar Bon-saksen blir talar.

Gjønnes Slektstevne

En liten orientering etter Gjønnes slektstevne 13. juli i år. Det var vanskelig å sette opp et budsjett som var helt riktig, så vi valgte å sette det så høyt at vi var sikker på at det holdt. Da regnskapen var oppgjort, viste det seg at det var et overskot på omtrent 3500 kr. Regnskapen er revidert av Kari Ustad og Birger Ustad og funnet rett.

Hva skulle vi gjøre med disse pen-

gene? Vi ble enige om å kjøpe en stein å sette opp på kirkegården til minne om Ane H. Gjønnes og hennes to ektefeller, Ingebrigt J. Gangås og Ingebrigt J. Melås. Vi vet ikke hvor noen av dem ligger begravet, men har fått utpekt et riktig fint sted av kirketjeneren Lars Fandrem. Når du kommer inn kirkeporten og tar av til høyre og går ca. 50 m, finner du den til venstre ved siden av en stor bjørk. Ville gjerne gi denne orientering gjennom menighetsbladet. Først og fremst til dere som deltok på slektstevnet, for det er jo dere som har betalt den. Den kostet 3183 kr. Håper dere er enige i avgjørelsen, og vi sender dere en hjertelig takk.

Enda er det noen kroner til overs. Dette og penger som kommer inn ved eventuelt salg av slektsboka senere går til blomsterfondet til forskjønnelse av kirkegården.

Med hilsen for komiteen

Ole Gjønnes

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDERGjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

24.10. Johannes Ophaug f. 1913

27.10. Ingolv Erik Kvaale f. 1917

29.10. Otto Johannes Ludvig f. 1901

05.11. Marit Haugem f. 1897

10.11. Martin Vatslag f. 1892

ORKANGER:

23.10. Johan Leknes f. 1909

06.11. Aagot Mathilde Dragseth f. 1935

K. R.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjølsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

7330 Svorkmo.

Smått om mangt

Res.kap. Bertel Aasen

har permisjon frå 4.1. 1981 og i 12 ve-ker. Han skal gå på kurs ved Modum bad og nervesanatorium. Vikar vert spr. Olav Olsen, ein kjær gamal kjen-ning i Orkdalsfret.

Presten er bortreist

i dagane 8. - 14. des. skulda møte i Kyrkjerådet og Det frivillige Kirke-møte.

Felles prestekontor

Når dette leses er dei tre prestekon-tora flytta inn i det nye kommune-sentret på Bårdshaug. Alle kyrkje-bøker vil da verta ståande der, så alle attestutskrifter må hentas der her-etter. Sjelesorgsamtaler og meklings-samtaler vil prestane likevel ta imot i dei «private» kontora — som no.

Prestekontoret er åpent tirsdag — fredag kl. 10 - 14. Tlf. 80 000.

En hilsen til jul

Festen til minne om Jesu fød-sel feirer kirken på et riktig tids-punkt. Det vil si om det er riktig plassert i historien vet jeg ikke. Men i nåtiden, i vår tid, er det riktig. Når dagene er aller mør-kest, når vi har det gamle året bak oss, når det ukjente, nye står foran oss, feirer vi jul. Da kom-mer evangeliet om Frelserens fød-sel til oss.

Det er vondt å leve i mørke. Det er vondt å slepe på sin fortid. Det er skremmende å leve foran en ukjent framtid. Inn i vår verden har Gud sendt sin Sønn. Han smiler mot oss fra det vakre juleevangelium. Han teg-ner et kors over det gamle året. Han gir oss sin hand foran det ukjente nye. Frykt ikke! sa en-gelen til hyrdene på marken. Det er Guds hilsen til alle mennesker. Grunnen til den nye trygghet er Jesus, Kristus Herren i Davids by. Jesus er Guds hand rakt mot mennesker i mørke, mot menne-sker som sleper på sin fortid, mot mennesker som frykter sin fram-tid. Det er godt å få ta imot Je-sus i tro, og gi ham handa.

Med disse ord skal jeg få ønske en gledelig jul i heim og menig-het. Takk til alle jeg fikk møte i det gamle året. Takk for samar-beid og fellesskap. Må Gud gi oss

Ei lita påminning om jula

JUL ER IKKJE JULEGATER

JUL ER IKKJE NISSER

JUL ER IKKJE GOD MAT

JUL ER IKKJE NYE KLÆR

JUL ER IKKJE GAVER

Jul skal i beste fall ha dette som rame, men innhaldet i jula kan aldri vera



et godt nytt år med fred i verden, fred i kirken og fred i hjertene.

Hilsen

Kristen Kyrre Bremer

anna enn JESUS KRISTUS: HUGS Johs. 3, 16:

Så høgt har Gud elska verda at han ga sin son den einborne for-att kvar den som trur på han ikkje skal fortapast men ha evig liv.

Søndag 9.11.

vart 100 årsjubileet for oppret-tinga av den andre prestestilling i Orkdal prestegjeld høgtida. I Moe kyrkje var det festgudste-neste ved prestane Einar Koren og Inge Eidhamar. Ei nokså full-sett kyrkje fekk eit godt gjensyn med dei tidlegare res.kap.ar. Brødrene John og Brage Fagerli song. Om kvelden var det fest i misjonshuset der både dei gjest-ane prestar og prestegjeldets eigne deltok. Der var også song av brødrene Fagerli, og av Svorkmo songlag. Knut Liøkelsøy og Einar Koren heldt kvar sine festtaler. Det var ein fin og minnerik fest.

Søvasskjølen Fjellkyrkje

Vi takkar for store gaver frå dykk som har sendt pengar på giroblanket-ten som var lagt med i forrige kyrkje-blad. Første veka kom det inn ca. 5000 kr. Det lovar svært bra. Men vi treng respons frå mange, mange fleire. Eit godt tips. La Søvasskjølen Fjellkyrkje få ei julegåve. Stikk inn-om posthuset, og saka er ordna.

Søvasskjølen Fjellkyrkje

7310 Gjølme

Postgironr.: 3 67 54 36

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priserOrkdal
Sag & Høvleri

Tlf. 82265

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKEpostgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Litt føregjulsstemning

Tre uker igjen til jul! — Alle-rede nå har de rukket å stappe butikkvinduene fulle av julenisser og glitter. Store, hemmelige julepakker ligger i sleden til den største plastikk-julenissen. Merkelapp: «Må ikke åpnes før julaften!»

Vi forbereder oss på beste måte til å feire dagen. Hvis vi ikke har tenkt oss til syden, skal vi i alle fall ha det godt her hjemme!

Har vi en «ubevisst trang» til å feire jul? — Hos de fleste er det vel — tvert imot — meget bevisst; men vi dekker over så godt vi kan: Det er jo Jesu fødsel vi feirer....

Hva betyr egentlig julen for oss?

Først og fremst juleferie. Fri fra et hardt og stressende samfunn. Nå skal vi virkelig «stresse ned» og «koble ut» litt. — Ligge lenge om morgenen, spise mye god mat, og ellers bare kooooose oss....

Julen er også «slektsstevnet» for de fleste av oss. Denne ene gangen i året kommer til og med vår gamle tante fra Hammerfest på besøk. Slekt og venner møtes for å spise julemiddagen sammen, og sette seg ned og prate om alt som har hendt siden sist... Men vi må ikke glemme gavene. For de minste er det vel de som teller mest. (I alle fall sier vi «de minste») — Kostbare slalåmski, bilbaner og store dukker som kan si «mamma», blir pakket opp. Far og mor gir hverandre kostbare gaver. Mer og mer kostbart.

Enn 15-åringen da? Han kan ikke innrømme at han klemmer på pakkene i smug.... Forresten inneholder jula så mange flere spennende ting for en som ikke er helt fullbefaren i festlivets mysterium enda... Andre juledag betyr fest! (Endelig — etter all den familiekosen langt oppover halsen!)

— Og så feirer vi jul — alle sammen. — For harde livet!

Selvfølgelig kjenner vi historien om Jesusbarnet i krybben. Hvem av oss har vel ikke stått foran juletreet med store, skinnende barneøyne og sunget: «Jeg er så glad hver julekveld, for da ble Jesus født!»

Det var som å se hyrdene og englene og Jesusbarnet foran seg. Hele historien ble så levende i en forunderlig barnefantasi. — Vi trodde på det den gangen.

Men hva nå? — «Barnetroen har jeg vokst ifra», sier mange. «Det er jo en søt historie, men det er så lenge siden sist. Vi har tross alt utviklet oss siden da. — Det har ingen aktualitet i dag..»

De fleste mener vel at den gode gamle julefeiringen hører til vår tradisjon. Det er en del av vår kultur-arv; slik som alle de andre høytidene våre. — Og alle vil ta vare på Kultur-arven!

Nei, på selveste julekvelden setter vi oss ikke ned for å tenke og mimre over Jesu fødsel. Noen kan nok strekke seg så langt at de tenker på at Han ble født på denne dagen», men så er en også ferdig med Ham. Å begynne å prate om Jesu fødsel og kristendom i det hele tatt, på julekvelden, ville være å gå for langt! Det ville nesten virke påtrengende.... Det kunne jo ha ødelagt et helt uskyldig familieselskap!

Men! Du har sjansen nå! Nå, når vi går inn i adventstiden og likevel skal «vente på Hans komme.» Det kan da vel ikke skade å blåse litt støv av Bibelen? Du kan kanskje sette av noen få minutter midt i julesjauen til å



tenke.... Kunne det hende at julens budskap har betydning for oss idag?

Vel, de sier at det var en Frelser som ble født den gangen. Og så skal vi altså tro på den historien og satse på en nesten 2000 år gammel Frelser?!

Hvorfor ikke?

Du kunne spille høyt og satse livet ditt, — bare for å se hva som skjer.... Uansett, har du ingenting å tape. — Enten får du gleden av å oppstå etter døden, eller du blir god jord for ny vekster....

Tenk om du ikke tok imot tilbudet, — Julegaven, på dommens dag!

Kanskje krever du bevis for å tro? .

Du trodde vel at du, som et usselt menneske ville forstått bevisene... Jeg kan forresten ikke forstå at du kan få deg til å kreve noe som helst av en som er deg så overlegen. Vær heller takknemlig for at Han bryr seg om deg! — At han vil kalle deg for «en av sine» selv om du gjør alt for å unngå Ham.

Uansett hvor mye vondt du gjør Ham, står Han der for å tilgi deg alt. Kan du fatte hvor **STOR** Han er?! Han tilbyr deg alt mot absolutt ingenting. Ja, for du er ingenting. — Jeg også.

Om du likevel skulle velge å si nei takk til Julegaven din i år, så bør du i alle fall ha **tenkt deg om først**. — Du kan gjerne tro på naturens kretsløp...

Bare du kunne ta et standpunkt!!!

Hvordan våger vi å feire jul bare «for å feire»? Skal vi virkelig tillate oss å bruke julen som «bare tradisjon», uten engang å ta oss tid til å velge om vi virkelig vil tro på — og feire — Jesu fødsel?!

At du tør!

Astrid Baldwin

På kyrkjeveg



Eg hadde igrunnen venta meir folk på kyrkjeveg, Alle Helgens søndag, til Moe kyrkje, — folk som særleg denne dagen ville gå i kyrkja, og på det viset ville minnst dei kjære som er vandra bort det siste året. Det er ei særleg høgtid å vera tilstades i Gudshuset denne dagen, — det vart det og for oss, som var det.

Bertel prest som var på «Stolen» minna først om den Augsburgske konfesjonen (avtalen) som det dette året er 450 år sia vart vedteke. Så las presten opp alle dei som var døde i soknet i året, og minnst dei med høvelege ord, og eit minutt stillhet medan kyrkjelyden stod. — Eit barn vart bore til dåpen, og så ein skjerv til Fjellkyrkja. — For å gjera denne dagen særleg høgtidssam hadde Bertel prest fått bygdas «Nattergal», fru Alfer til å synge. Å — som ho song, — dette vart mest ei spesiell høgtid over dagen, — velkomen att skal du vera fru Alfer. Sol var det over dagen på kyrkjeveg, dagen da me skulle minnst dei avlidne — fred med minnet om desse —.

K. L.

9. Per Asphjell fortel frå krigstida

Påskehelga kom først i april. I helgedagane var me fri frå arbeidet, og vart halde på sella. Det blir ikkje mykje høgtid over helga under slike tilhøve. Tida går lettare, når du er på ein arbeidsplass saman med fleire. I fengsels-sella får du mange slag tankar å bala med. Inne i stengt og pressa inn i eit tilvære under tvang. Ikkje kan du, og ikkje tør du ha nokon vilje sjøl. Du lyt berre gjera det du blir sett til. Lengten etter heimen og dei kjære du har der kan rive og siite i hugen, så du græt innvendig. Den som kunne vera der, om berre ei lita stund saman med dei. Men du er makteslaus. Da spørst det om du kan syne tålmod i trengselen.

Likevel, så rart det høres, ein kan ha kosestunder og. Eg har verkeleg

mine gode minner frå denne påskehelga.

Det var ei boksamling i fengslet, og på visse dagar fekk fangane sende inn ønskelister over bøker dei gjerne ville lesa. Eg hadde bede om kristeleg litteratur eller reiseskildringar. Til helga hadde eg fått ei bok om Jesu liv. Ho var skriva av ein som heitte Fr. Michel Willam. Den tyske titelen var: «Jesus und sein Leben in Land und Volke Israel». Boka var ein freistnad på, ut frå Evangeliane og Apostelgjerningane, å gjeva ei daglegdags samtids-skildring av korleis Jesus gjekk frå stad til stad i Jødeland og gjorde si gjerning. Denne boka vart for meg overlaga gild påskelesnad.

Eg hadde og eit tysk Nytestament. Den dagen me vart innsett, måtte me

gjeva frå oss alt vårt eige. Lomme-testamentet mitt, som eg hadde fått bruke på reisa, hadde dei teke frå meg saman med andre private ting. Ein dag eg klaga meg for dette i samtale med ein medfange, var det ein ung-gut frå ungdomsavdelinga i øvste høgda som hørte oss. Han kom til meg og fortalte at oppe hos dei var det både Testament og Salmebok på kvar selle. Det var ingen som såg etter det, så han kunne godt ta med begge deler til meg. På den måten fekk eg både salmebok og Testament på sella. Litt vondt samvet hadde eg, fordi eg let guten fjerne bøkene frå den staden dei hørte til. Det var vel ikkje redeleg å gjera slikt utan lov, men eg ville så gjerne ha dei, og ein måtte rekne med at om eg nemnte noko til ein vaktmann, vart det sikkert berre oppstyr og avslag. Det hendte ting seinare som gjorde at desse skruplane ikkje tyngde så mykje: No og da fekk me sendt inn

Menighetsbladets ekspeditør


Sigmund Gjesvik fyller 70 år 21.12. Og menighetsbladet vil skunda seg å vera mellom dei første gratulantar. Gjesvik er fødd på Røros og utdana seg som kand. filol. ved Kongelege Fredrikt Universitet (som universitetet i Oslo dengongen heitte). Hans fagkrets er norsk, historie og tysk. Til Orkdal Landsgymnas kom han første gang som vikar i 1936. Da var han enno ikkje ferdig med si utdanning. Frå hausten 1939 var han fast tilsett lektor ved skolen fram til 1978. I alle desse åra fekk han gjeva ungdom klok og god fagutdanning attåt at han freista gjeva dei kjærleik til norsk kultur, soge og språk. Mange er nok vener — gamle elevar som med takksame tankar hugsar inspirerande timar med Sigmund Gjesvik.

Når menighetsbladet vil gratulera er det også avdi Gjesvik dei seinaste åra har vore menighetsbladets ekspeditør på friviljug og gratis basis. Etter at kvart nummer har kome ut, har han fleire timars arbeid med å distribuera bladet attåt at det heile året kjem rettingar og forandringar i distri-

busjonslista. Den må vera korrekt til kvar tid. Hjarteleg til lukke med dagen og mange rike år vi vonar fylgjer.

Kaare Rogstad

Helårs-
trim



A. Todal's
Eftf.

Tlf. 80 278
Orkdal

Orkanger menighet

Ungdomsarbeidet:

11.12. Grautkveld på bedehuset kl. 19.

Eldrearbeidet:

6.12. Eldretreff på Orkanger aldersheim kl. 17.00. Sang av Orkanger Musikklag. Program ved barna.

Bibeltime

4.12. kl. 20.00 hos Kirsti og Atle Sætre, Hovsbakkan. Audun Slettahjell har emnet: «Profeten Jesaja — en som var lydig mot kallet».

Lysmessa

i Orkanger kirke er i år bestemt til den 7.12. kl. 18.00. Orkangerspeiderne vil delta med skriftlesning og lystenning.

Meldal og Orkdal Ungdomskor

blir med oss og synger julen inn i Orkanger kirke den 21.12. kl. 19.00. De vil framføre Mons Leidvin Takles og Trygve Bjerkrheims' julekantate: «Den Store Stjerna».

papir til bruk i samband med «dostolen». Det var ei tid blad frå slike bøker. Dei underslo eg, og eg har dei enno.

I salmeboka fann eg mange kjente salmar som er omsett og teke med i vår norske salmebok. Det var og notar til mange av dei, og det var ofte kjente tonar. Testamentet las eg dagstøtt i, og eg trur eg las det ut to gonger, den tida eg hadde det. Eg fann at eg hadde mykje utbytte av å lesa Guds ord på eit anna språk. Det var ei gamal omsetjing som sikkert var teke beinast frå grunnteksta. Det er underleg å tenkje på at same kor dårleg det daglege kosthaldet var, så vart eg ikkje sveltefora åndeleg. På denne måten kunne det bli gode stunder i den triste sella. Saman med ein skjønnsam og fredelig kamerat, vart det helgefred innom murane. Eg sette meg i kråa ved varmerøra, bretta ullteppet godt ikring meg, så hadde eg det lunt

og godt. Ein har Ordet, og ein har bøna. Allmakta kjem ein så nær. Trugsmålet frå dei som har deg i si makt skremer ikkje lenger. Ein kjenner seg trygg og glad. Ein får sanna reyndomen i det som Paulus talar om i Romarbrevet kap. 3, 3 - 5. om trengsler som verkar tålmod...

Eg var svært varsam med å lata vaktene sjå at eg hadde desse bøkene frå ungdomsavdelinga. Det var mest om kveldane eg hadde dei framme. Ein dag, det måtte vera ein søndag føremiddag, sto eg bort ved brisken med Testamentet i handa. Det var den brisken som var bikka opp på veggen. Brått og uventa kom vakta inn. Med det same døra gjekk opp, var eg lynsnar og sleppte boka ned i åpningen millom brisken og veggen. Men han såg det. Streng i oppsynet kom han mot meg: «Was hast du da? kom det kvast. «Eit Nytestament», sa eg. Eg fiska det opp frå sengklærne og rakte

han det. Eg spurte om eg ikkje kunne få ha det. Han tok det i handa, bladde litt i det og gav det til meg att. «Das kanst du,» sa han berre. Denne vaktmannen var ein av dei eg hadde minst otte for. Han var stillfarande og alvorsam, og verka ikkje så brysk som mange andre. Dette hadde nok ein grunn. Han gjekk alltid med svart sørgeband på vaktuniforma. Det vart sagt at han nyss hadde mist sonen sin i krigen.

Etter denne hendinga, bruka eg bøkene med godt samvit.

I fangenskap er det alltid eit problem å halda rede på dag og tid. Ein får ikkje ha korkje klokke eller kalender. Aviser og radio er sjølsagt bannlyst, og da får ein nokså lite å halda seg til. Eg laga meg ein liten kalender på ein papirlapp, der eg kryssa av for kvar dag, slik at eg heldt meg «a jour».

Framhald

En hedersmann går fra borde etter 40 års tjeneste i Kirken

Når dette leses har organist Erling Hoff ved Orkanger kirke og Den Gode Hyrdes kapell fylt 70 år. Det skjedde den 23.11. Det er vanskelig å forstå når vi ser den ungdommelige organisten i rask marsj på veg til eller fra tjenesten.

Hoff tok i ung alder organisteksamen og sanglærereksamen ved Trondheim Musikkhøgskole og ble sommeren 1940 ansatt som organist på Orkanger. Der arbeidet han under hele krigen. Da freden kom hadde han lyst til å prøve seg også på et annet sted. Det hadde sammenheng helst med at avlønningen på Orkanger var i dårligste laget. Han søkte permisjon, og mens broren Anton vikarierte — tok Hoff organiststillingen på Røros i 1946. Det var nok ment for en kortere tid — men Hoff ble der til utgangen av 1949 — i 4 år. Da gikk turen tilbake til Orkanger der orgelstolen igjen ventet. Den har så Hoff siden slitt frem til idag. Det blir 40 år lang tjeneste i Den Norske Kirke, og av disse år er 36 brukt i barndommens kirke. Vi må også nemne at Hoff i 4 år hadde halve organist-tjenesten i Moe kirke. Det var i de årene prestegjeldet vårt bare hadde 2 prester — (1972 - 1976). Hoff er en kirkens mann også utenfor det rent musikkiose. Med hengivenhet og innsikt har han meninger om gudstjenestens opplegg og «tar dagens tone» på en fin måte. Kirkeårets rytme føler han på pulsen med en egen fin intuisjon. Mange er de prester som har fått hans vennskap og som for gudstenestene har fått oppmuntring når det trengtes, og gode ord når gudstenesten var slutt.

Men Hoff har naturligvis vært mye mere enn «bare» organisten. Han var også læreren og kordirigenten. I løpet av 50 år er det nesten uråd å nevne alle de kor han har stått i ledelsen for. Ofte var det flere samtidig. Starten

var vel i siste halvpart av trettiårene, da han dirigerte både det daværende Orkanger damekor og Orkanger ungdomskor. I sin Rørostid startet han Røros barnekor, som fremdeles er i virksomhet. Han ble også den første dirigent av Arbeiderkoret på Røros. Det ble startet omtrent ved hans ankomst til Bergstaden. Her i Orkdalsfjøret har han vært dirigent for Orkdal Mannskor, Orkdal bl. kor, Orkdal Arbeiderkor (Orklakoret) og Orkanger Mannskor. Utenom prestegjeldet var han dirigent for Viggjakoret og for Trondhjems Mannskor. Det siste i nesten 18 år. (om nedskriveren av disse linjer glemmer noen kor — så er det fordi jeg har spurt sangere for lite og slik ikke har den fulle oversikt.)

Organiststillingene her i Orkdal har hele tiden vært deltidsstillinger og helst dårlig avlønnet. Så ble da Erling Hoff også skolelæreren i musikk og sang. I mange år var han tilsatt ved Løkken ungdomsskole. I sin Rørostid var han lærer både ved beidsforhold og avlønning.

Ved Orkdal Landsgymnas

(Orkdal videregående skole) var han tilsatt i 18 år. Også ved skolene han var ansatt, hadde Hoff elevkor — så langt elevenes sangferdigheter tillot det. Mange årskull vil nok med glede minnes skolekorenes gledesstunder. I tillegg til alt dette hadde Hoff privatelever i musikk. Hoff's virksomhet i så måte strakk seg langt ut over nabolagets geografi. Det var faste turer til Børsa, Skaun, Løkken og Lensvik.

Orkdal menighetsblad vil stille seg i gratulantenes store rekke, selv om det blir noe post festum. Vi er glad for at Hoff ikke så umiddelbart slutter i menighetens tjeneste. Selv om han nok har sagt opp stillingen — har han sagt seg villig til å fortsette til en ettermann/kvinne er kommet på plass, og er også villig til å ta vikartjeneste når det trenges. Vi ønsker altså hjertelig tillykke med riktig mange, mange otiums-år.

Orkanger menighet vil senere finne en anledning til å takke organist Hoff mere offisielt.

Kaare Rogstad

Geitastrand menighet

Geitastrand kirke trenger pedell. Stillingen er en bistilling og avlønnes på timebasis. Forøvrig vil kirkeverge Gunnerius Kjøren kunne gi opplysninger om arbeidsforhold og avlønning

Geitastrand kirke trenger også 3 - 4 som på frivillig basis kan være prestens medhjelpere. Dette er frivillige ombudsstillinger uten lønn. Om det ved en kirke er f.eks. 4 medhjelpere, trenger en jo ikke bli så svært bundet — når bare en trenger å være tilstede ved hver gudsteneste. Skal en menighet fungere fullgodt ved sine gudstenester, trenger vi hele portoaret av tjenester. Det ville

være ille om Geitastrand kirke ikke skulle greie å stille noen som var villig til å være pedell eller medhjelpere. Derfor ber vi alle tenke etter: «KAN JEG KAN-SKJE GREIE DETTE — ER DETTE ET KALL TIL MEG?»

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.

BARNETEIGEN

Bildet er fra «Barnemøtet» på Ofstad. En skulle ikke tro det var så mange barn på Ofstad, men når det er barnemøte så kommer de strømmende til fra Husdalen og de nærmeste distrikter. Foreldrene er flinke til å være med barna sine.

Vi skulle ønske alle foreldre ville se verdien av at barna lærer Jesus å kjenne.

P. S.



Jesus vart menneskje

Les Luk. 2, 1 - 7

I dei dagane lée keisar Augustus lysa ut at det skulle tagast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinios var landshovding i Syria. Då for alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef óg for frå byen Nasaret i Gallilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørte til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herbryget.

Vi har ein stor festdag julekvelden. Det er reint og ryddig over alt, juletre og julegaver, lys og julepynt er med og gjer det festleg.

Slik var det nok ikkje rundt Maria og Josef den natta Jesus vart fødd. Det var sikkert både skittent og mørkt i stallen der dei tok inn. Guds son vart fødd som eit menneskje, men han var ikkje særleg godt teken imot. Jesus vil vera hos oss denne jula. Men dersom vi blir opptekne av

alt anna, får han dårleg plass hos oss og.

Skal vi ikkje denne jula gjeva Jesus god plass ved å lese, høyre og syngje om ham, og be om at han må gje oss ei sterk tru?

Jesu etternamn

Kirsti var åtte år og gjekk på søndagsskolen. Idag hadde det vore ekstra stas, tykte ho. Lærarinna hadde tent alle dei fire lysa i staken og lært dei det siste verset på adventsalmen. Og så hadde ho fortalt noko....

Kirsti tok stovetrappa i lange byks, vregte av seg utapå-jakka i gangen og for inn til far. Far veit du kva etternamnet hans Jesus er?» Etternamnet til Jesus? Nei, det hadde visst far aldri høyr. «Eg veit det», sa Kirsti og var ikkje lite kry. «Eg har høyr det på søndagsskolen idag. Han heiter Jesus Synderes venn!» Og dermed var ho ute av døra og på veg til kjøkkenet og mor. Kanskje ikkje ho heller visste etternavnet til Jesus?

Far fekk noko å tenkja på. Visst hadde ho rett, jentungen, — enda ho hadde tolka det på ein litt uvanleg måte! «Jesus, Synderes venn» — det var det rette namnet på Jesus! På skolen hadde han lært at namnet Jesus tyder «Herren er frelse», og det var jo difor Jesus kom

til verda at han skulle vera ven med syndarane og frelse dei. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar», sa engelen til hyrdene. Og det same sa Jesus sjølv: «Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei som har vondt. Eg er ikkje komen for å kalle rettferdige, men syndarar.» Matt. 9. Så var det godt for far å bli mint om dette etternamnet. Han fekk så mykje meir å takke for. Tenk, Jesus var ven med han óg, — og han kunne kvar dag få be han om tilgjeving for syndene sine. Også for dei stygge og ureine tankane... Der det er forlating for syndene, der er det liv og sæle; stod det, og slik visste han det var. Og dermed falda far hendene og bad med takk og tru:

Å, Jesus kom inn i mitt hjarta og sinn med all din nåde og gave!

Kirsti hadde fått vore ein bodberar av evangeliet.



EI OPPGAVE for dei litt større om jul og litt til.


- 1. Kven har skrivne «Deilig er jorden»? 1. Grundtvig x Ingemann 2. Brorson
- 2. Kva tyder advent? 1. Førebuing x Ventetid 2. Ettertanke
- 3. Kva er det tyske ordet for jul? 1. Rad x Hochzeit 2. Weinachten
- 4. Kva finn vi idag der Jesus vart fødd? 1. Ei kyrkje x Ein moské 2. Eit herberge
- 5. Ein av dei heilage vismennene fra Austerland heitte: 1. Melcior x Ametyst 2. Hisjon
- 6. Keisaren i Rom da Jesus vart fødd, heitte - - - 1. Nero x Antonius 2. Augustus
- 7. Spådomen om Jesu fødsel finn vi hos - - - 1. Jesaia x Amos 2. Mika
- 8. Nordens apostel er - - - 1. Olav den heilage x St. Halvard 2. Ansgar
- 9. Ein av domarane i Israel var kvinne - - - 1. Mirjam x Debora 2. Jefta
- 10. Det store norske folkediktverket som handlar om tida frå juleaftan til trettandagen, heiter - - - 1. Draumkvedet x Trymskvida 2. I andre verda

- 11. Kven har skrivne den norske jule-songen: «No koma Guds englar»? 1. Hovden x Støylen 2. Blix
- 12. Den engelske julenissen heiter - - - 1. St. Claus x Mr. Christmas 2. Mao' White

Løysing i neste nr.

1	x	2

Desse tre rebusane tek du fort.



LØYSING SIDE 15.

Orkdalsspeidere på kretsleir



Svorksja-leiren

Speiderne hadde i fjorårets julenummer av menighetsbladet for Orkdal prestegjeld bred spalteplass med presentasjon av sitt arbeid.

På oppfordring kommer vi igjen også i år — denne gangen med stoff fra årets kretsleirer. Sør-Trøndelag krets av Norges Speiderforbund avviklet kretsleir ved Svorksjøen, og Trøndelag krets av Norges KFUM-Speidere en ditto på Storbuan gård i Meldal. Begge leirer hadde deltakere fra Orkdal.

Meningen var opprinnelig å la speiderne selv komme til orde i dette innlegget, men av forskjellige grunner har det ikke vært mulig å få samlet intervjuer fra de enkelte grupper i tide. Jeg tror imidlertid jeg kjenner speidernes reaksjoner såpass godt at jeg kan gjøre meg til talsmann for dem. Det er dessuten klart at et arrangement som en kretsleir er en veldig opplevelse for deltakerne, og et minne for livet. Enten dagene delvis var regntunge — som ved Svorksjøen, eller bare solfylte fra morgen til kveld i hele 8 dager — som på Storbuan, hadde speiderne bare rosende ord å komme med om det meste de fikk være med på. Det eneste som for enkelte skapte visse problemer var middagslagingen. Hadde de bare hatt en elektrisk komfyr med brytere på — men akk nei, det finnes ikke på speiderleirer. Når veden var tørr kunne det enda gå an. Når imidlertid omsider denne etterlengtede duften av mat kom fra kjelene, steg optimismen raskt. Og «makan til mat» hadde de aldri smakt før!

Kretsleirenes tilbud var mange. Jeg kan nevne noen:

Kanopadling, «haik» med overnatting under åpen himmel, radiospeiding, laksefiske, ridning, orienteringsløp, volleyball, førstehjelp, sporavstøpning, leirbål, bibelstudiegrupper, gudstjenester.


På Storbuan var hovedemnet for bibelstudiegruppene «Himmelens og jordens skaper.» Samtaler om dagens tema ble først gjennomført i de enkelte grupper — deretter avsluttende oppsummering i fellssamvær med leirpresten.

Som deltaker på KFUM-speidernes kretsleir er det naturlig for meg å nevne leirens motto som var: «FREMAD — OPPAD — UTAD». I dette ligger at speiderne skal strebe fremad mot nye mål, kunnskaper og erfaringer, vi skal søke Gud og være åpen for Hans ord, og vi skal være villige til tjeneste for andre og søke vennskap med våre medmennesker.

Refrenget på vår leirsang lød slik:

«For vi vil gå vid're
fremad — i livet
oppad — mot himmelen
og utad — til vår bror.»

Bildegningen fra de to kretsleirerene blir dessverre ulikt fordelt, men



Tore Dalen
grupeleder i 1. Fannrem KFUM

det skyldes ganske enkelt vanskeligheter med tilgang på representative bilder.

Nytt til jul?

Alle som var på julefesten kom til å minnst det vitnemål som den gamle åndshøvding bar fram. Vi som er gamle, sa han, har hørt høgtidsorda så ofte at vi veit så vel kva Guds ord og sal-


mar som vert minna om ved kvar høgtid. Dette kan føre til at det ikkje er noko ved høgtida som grip oss. Vi får da ikkje tak i det som høgtida serleg minner om. Da dette blei klårt for meg bed eg fram for jul og andre kyrkjelege høgtider, at Gud i denne høgtida må gje meg fornying.

Slik at eg i høgtida opplever noko nytt. Tida for høgtida vert då ei gild tid, for eg går då i spanning og ventar på kva Gud vil gje meg i denne høgtid. Vitnemålet som den gamle bar fram sette seg fast i minnet, og fleire av dei som høyrde dette, har seinare fram for kva kyrkjeleg høgtid, bede om at i denne høgtid måtte Gud gje oss noko nytt. Du som les dette, gjer som den gamle, då får du noko nytt til jul.

Ludvik Aasen

Orkel — et kvalitetsprodukt

Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES A/S

MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI

7320 Fannrem - Tlf. 82 375

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John ROHME

7300 Orkanger

Den residerende kapellanstilling i Orkdal

Frå 1671 kan vi følge dei residerende kapellanars rekke opp igjennom prestegjeldssoga fram til 1814. Da vart Skaun anneks overført til Børsa prestegjeld og res.kap. stillinga i Orkdal vart inndratt. Slik var det berre ein prest i Orkdal fram til 1880. Dette året kom Peter Marius Brodahl til Orkdal som sokneprest. Han satte seg straks i sving med å få ordna til ei prestestilling nr. 2. Etter endal brevveksling med departementet vart det ordna slik at om sokneprest og almue (menighet) kunne skyte til noe til lønnen — så ville departementet gå med på å opprette et kallskapellani. Dette kom i orden. Men noen kallskapellan vart ikkje tilsatt. Det var prestemangel, og dei nye kandidater fekk betre stillingar og søkte ikkje på kallskapellani i Orkdal. Det vart ståande ledig. Det er mogleg at ein og annan tilfeldig vikar kan ha vore her — men namn på slike kan vi ikkje finna. Da er det at herredsstyret i Orkdal tar eit initiativ. Som sak 8/85 (11.4.) er handsama eit skriv frå I. Aarlvold vedlagt to lister med underskrifter. Aarlvold peiker på at no må herredsstyret foreta seg noko. Prestegjeldet er for stort for ein prest og det er utkantane som blir mest skadelidane. Om ein får omgjort kalls.kap.stillinga til res.kap. stilling, så var det meir vonleg å kunne få ein søkar. Med 11 mot 6 stemmer vart det vedtatt å oversenda saka til sokneprest Brodahl til uttale. Saka kjem så oppatt som sak 7 på møte 15.6. Soknepresten har svara positivt og det blir vedtatt mot 4 stemmer å be departementet om å omgjøre stillinga. I vedtaket var også med ein setning om at Res.kap. måtte tilpiktes å bo i øvre ende av bygda. 1 stemte imot dette. Som sak 6 i møte 29. august kjem saka oppatt enno eingong. Det er prosten som skriv og vil vita 3 ting: A: Kor stor skyssgodtgjersle herredsstyret vil yta. B: Kor mange «konfirmerede» vaksne det er i prestegjeldet som kan bli tilpikta å ofra til res.kap. 1 gong for året.

C: Om det er fastsett nokre grenser for res.kapellaniets arbeidsområde. (Det prosten var ute etter var nok om res.kap. skulle ha sitt eige arbeidsområde eler om sokneprest og res.kap. skulle ha heile prestegjeldet ilag. Herredstyret har nok ikkje skynta dette heilt. Det går fram av svaret i vedtaket.

A. Skyssgodtgjersla fastsettes til 40 kr. året. Det same har soknepresten blir det opplyst. B. Det er 2953 offerpliktige i prestegjeldet. C. Det er ingen bestemt sokneinndeling mellom de to kyrkjer. Folk har fått velge kva for ei kyrkje dei søkte kyrkjelege forretningar i. Men ein antok at det naturlege sokn ikring Moe kyrkje var 22 km. langt i Østvest retning og 16 km i nord-syd retning.

Lille juleaften i 1885 kjem det brev frå Stiftsdireksjonen om at det 14. des. var gjeve kgl.res. om at kalls.kapellani i Orkdal skulle inndras og eit res.kap. embete opprettes. Stillinga var alt utlyst. I resolusjonen (og utlysinga) var ingenting sagt om res.kap.s bustad. Dette hadde sikkert sin årsak i at herredstyret ikkje hadde avgrensa res.kap.s virkeområde. Søkere meldte det seg no mange av — og vi får denne res.kap.rekke: Nummerert fortløpande etter den gamle rekke frå 1671.

15. Otto Hilmar Selmer 1886 - 1894 (han vart seinare spr. i Tjømo) Budde på Mobakk.

16. Gustav Jensen 1894 - 1906 (han vart seinare spr. i Frue kirke) Budde på Mobakk.

17. Ingolf Riddervold 1906 - 1912 (han vart seinare res.kap. i Lier) Budde ei tid på Gisvold og seinare på Bårdshaug.

18. Egil Brekke 1913 - 1918 (var seinare spr. i Frogner) Budde i lærar Nilsens hus på Arlivoll.

19. Richard Sverre Kreutz 1918 - 1920 (vart seinare spr. i Dovre) Budde i lærar Nilsens hus på Arlivoll.

Etter han vart stillinga ståande ledig. Det var ingen søker på res.kap. stillingar landet over. Det var prestemangel og kandidatgjekk gjekk beinast inn i sokneprestestillingar. Så vart det å basera seg på vikarar. Den første var pensjonert sokneprest L. J. Wormdal som vikarierte i 4 år, 1920 - 1924. Han budde på Kvilvang — Fannrem. Etter at Wormdal døydde i 1924 kom det ingen vikar før i 1929. Det var Thorvald Mo. Han vart værande til eit stykke ut i 1930. Han budde på Kvilvang — Fannrem.

20. Trygve Lergaard 1930 - 1961. (Vart seinare spr. i Orkdal) Budde dei første åra på Minne — Fannrem (og fleire andre stader) Fekk sjølv ordna med reisinga av res.kap. bustad på Arlivoll der familien budde frå 1949 - 1961.

21. Einar Koren 1962 - 1972. (Vart seinare spr. i Furnes)

22. Inge Gerhard Eidhamar 1973 - 1978 (vart spr. i Borgund)

21. Bertel Aasen 1978 -

Res.kap.s inntekter var ikkje store dei første åra. Utan at nedskrivaren av dette har funne det nokon stad - så meiner eg å vita at res.kap. i 1880 hadde 900 kr. året. I tillegg hadde han eit årleg offer og betaling for kyrkjelege forretningar. I eit brev til den

SKOTØY

for hele familien.

Ingv. Solbu eftf.

Orkedalsveien 71

7300 Orkanger

første res.kap. i 1880 skriv spr. Brodahl kva kapellanen skal ta for dei ymse tenester:

Dåp

For dåp betales 2 kr. Avslag har dog vært gjort for fiskere på Øren, for uekte børn og for nogle få familier i Svorkbygden.

Vigsel

Kr. 8 for småkårsfolk og fattige. Kr. 10 for husmænd og tjenestefolk.

Kr. 12 for gårdsmannsfolk når hverken brud eller brudgom skal arve gård.

Kr. 14 eller 15 eller 16 etter skyldøre når det er bønder og når det er velhavende.

Jordfestelser

Dødfødte kr. 1

Husmænd og Inderster kr. 1,50
Spedbarn og gårdsmannsfolk kr. 2
eldre børn av gårdsmannsfolk kr. 2,50

konfirmerede børn kr. 3

Gårdsmannsfolk og velhavende kr. 4.

Ønskes ligtale betales kr. 10,—
jordfestelsen inklusive.

Så kan det nemnast at 5.2. 1921 ga biskopen løyve til at det vart ført egne kyrkjebøker for Orkland sokn. Det er første gongen underskrevne har sett at Orkland sokn er nemnd, utan at eg tør garantera dette.

Kaare Rogstad

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl

Tlf. 80259

Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Svorkmo kyrkje på Smedhaugen



Dette er vel det første bilete me kan vise fram av Smedhaugkyrkja som ei tid stod oppe på Svorkmo. Den første kyrkje i den øvre luten av bygda var Verkskyrkja som stod på Schankebakken. Ho vart vigd i 1675 og stod der i 171 år til ein storflaum i Svorka pinsedag 19 mai 1816 gjorde at kyrkja måtte rivast. Det vart så sett opp ei ny kyrkje på Smedhaugen med den skilnad at denne var 8 kanta og Schankebakkyrkja var 4 kanta. På Smedhaugen sto denne kyrkja så i jamt 50 år, da ho vart flytta til Mo, der den vart vigd i 1867. Smedhaugkyrkja finns det ikkje noko bilete av, men K. M. Elda har skrivne om utsjånaden nøye i «Sogor, segner og hermo».

Så har me ein kunstnar her oppe i øverbygda og, — Anny Bonde på Vormstad, — ho er reine teiknemeistaren. Da historielaget trong eit bilete av denne kyrkja, saman med dei andre to, til klokkargalleriet som vart gjeve kyrkja jubileumssøndagen 9. nov., tok ho på seg å laga ei teiknink av kyrkja, — etter at ho hadde sett seg inn i kva Elda skreiv om for mest 100 år sia.

Ein må tru at ho mest har «treft spikaren på haue», eller kva tykkjer du? Dette bilete vert for ettertida bruka når det gjeld Smedhaugkyrkja, — godt er det.

Kn. L.

God jul!

Eit trettiårsminne om ein mørkredd student og noko meir

I august 1948 var det nordisk studentmøte i Trondheim. Fleire hundre studentar frå alle dei fem norderlanda møttest i «Studentforbundets» regi. Stud.jur. Arne Fjellbu (nov. forstander for Waisenhuset i Trondheim) og underskrevne som den gong var stud.teol. var sekretær for møtet og vi hadde eit stort strev på førehand med å få innkvartert alle, ordne med mat og programopplegg. Sjefssekretær for møtet var biskop dr.teol. Tord Godal (dengongen stiftskapelan i Nidaros). Han hadde alle tråder i si hand, var vært for leidarar og talarar. Augustdagane var av dei aller finaste og studensmøtet vart ein fulltreffar av fyrste klasse. Mangt eit varig venskap fekk si innleiing desse dagane.

No meinte ikkje eg å fortelje så mykje frå sjølve møtet. Det var no forsåvidt tradisjonelt i sitt opplegg. Nei, eg vil berre trekke fram to-tri hendingar ikring møtet.

Laurdagen var nest siste møtedag. Det var ein strevsam dag med intenst møteprogram og sterk varme. Sist på kvelden hadde nokre studentleidarar frå dei ymse landa funne seg ein privatheim der dei kunne slappe av og retteleg kose seg. Då med eit kom samtalen til å dreie seg om munken som skulle gå att i Domkyrkja. Særleg var eitpar sven-skar svært ivrige etter å få høyra om kva som måtte ha hendt ved eitpar høve. Dei hadde på førehand høyrd om bispinne Gleditsch' underlege opplevingar og også kva som hadde hendt ein ung prest i 1930. Det var tydeleg at dei to-tri som visste noko om dette vegra seg for å fortelja. Men di meir dei vegra seg, dess ivrigare vart dei andre. Tilslutt så kom då heile reportoaret. Vi fekk høyra om Bispinna som had-

de sett ein munk i Mariakapellet ved eitpar høve og om ein ung prest som hadde vore ute for underlege hendingar med den same munken den varme utstillings-sommaren i 1930. Og så gjekk det som det gjerne gjer. Snart ein, snart ein annan hadde noko å leggja attåt og vi som aldri hadde høyrd noko om dette før, vi sat og skutta oss og gjorde store auge. Kunne no verkeleg alt dette ha funne stad? Sjølvsjekk eg heimatt i den overtyding at dette berre måtte ha med spente nerver og overtru å gjere. Dette skulle ingen få meg til å tru på.

Siste møtedagen vart ein søndag av dei finaste solskinnsdagar Trondheim kan by på. På føremiddagen var det nattverdsgudsteneste i Nidarosdomen, der fleire prestar gjorde altarteneste. Elles utetter dagen var det «fredag» til kl. 21. Då var det sluttmøte med avskilstaler og helsingar. Dette møtet tok slutt omlag kl. 23. Kl. 2330 skulle det vera midnattsmesse i vår frue kyrkje. Det var absolutt siste programpost. Nett idet vi skal forlate møtesalen, kjem Tord Godal burt til meg, stikk ein nykkel i handa mi og segjer. «Prestekjolen min vart hengande att i sakristiet i domkyrkja idag. No treng eg han i vår Frue kyrkje. Du må vera snild å henta han for meg». Javel, så sto eg der med nykkelen i handa og hadde fått det oppdrag å gå inn i den kyrkja som den gamle munken skulle gå att i. Eg tok sykkelen min og for snøgt opp mot domkyrkja. Augustnatta var mørk og oppe ved kyrkja var det ikkje eit einaste lys nokon stad. Så syntet det seg at porten rundt kyrkjeparken var stengd. Iallefall klara ikkje eg å få han opp. Eg sto så i nokre sekund og vurderte om eg

skulle hoppa over gjerdet og likevel ta meg fram til kyrkja. Då med eit opplevde eg visst det same som sume jegarar også skal ha opplevd, — DEN STORE SKJELVEN. Brått kjende eg at dette som var pålagd meg, det greide eg visst ikkje, og eg fekk registrera ein ny lærdom om meg sjølv. Her gjekk eg ikring og trudde om meg sjølv at eg var rasjonalisten, høgt opphøgd over all ovtru, og så sto eg her likevel og var redd, — vaksne ungguten og stud.teol. attpå til. Det var som det var to motstridande viljer i meg, — tanken som sa meg at det heile var tull, no fekk eg taka meg saman og sjå til å hoppe over kyrkjeporten, og kjenslene mine som sa, nei vara deg no, tenk om denne munken like vel kunne syne seg. Tilslutt tok eg meg saman og hoppa over. Heilt opp til Mariakapellets dør kom eg. Då brått torte eg ikkje meir. Alt eg hadde høyrd kvelden før sto tindrande klart for meg og vart som ei stengsle. Så tok eg meg attende til sykkelen min og sykla nedetter Munkegata. Nede ved torget fekk eg sjå ein student frå Oslo som eg ikkje kjende men som eg hadde sett på møtene. No for eg burt til han og sa som sant var at eg hadde eit ærend til Domkyrkja, men eg hadde så liten hug til å gå åleine om han kunne vera så snild å fylgja meg. Han drog litt på det, men det vart no slik at han gav seg med. Så hoppa eg over kyrkjegardsgrinda for tredje gongen den kvelden og han fylgde meg. Opp ved kyrkjedøra spurde han forsiktig: «Du, er du heilt nøydd til dette trur du?» «Ja», svare eg, «Tord Godal skal ha midnattsmessa i natt og han lyt ha prestekjolen sin». Så leste vi opp døra. Ukiende som vi var tok det nokre sekund før vi fann lysbrytaren. Men snart fann vi flei-

re og vi tende alle dei lys vi kunne tinna fram til. Så tumla vi om noko før vi fann fram til rette staden der prestekjolen hang. Og eg synes eg ser det for meg enno idag. Korleis to vaksne karar heldt kvarandre i handa der dei leita seg fram i kyrkja. Ei salmebok som låg på ein benk fall i golvet. Det fekk hjarta til å banka enno snøggare i oss og ingen ga seg tid til å plukka ho oppatt. Då prestekjolen var funnen og vi tokka oss ut av kyrkja att, kan eg minnst at vi gjekk baklengs ut av Mariakapellet. Vi fekk liksom ikkje til å snu ryggen til kyrkjeromet. Det høyrer med til soga at ikkje eit einaste lys vart sløkt etter oss denne seinkvelden. Kyrkjetenaren måtte vel undrast når han neste morgon fann kyrkjeromet fullt opplyst. Novel, oslostudenten og eg fekk ikkje sjå nokon munk, ikkje fekk vi høyre han heller. Slik vart vi kanskje snytt, men stiftskapellanen dr. Tord Godal fekk iallefall prestekjolen sin tidsnok.

Neste morgon var det det same fine været og no var kveldstidane si oppleving langt på avstand. Eg kunne ikkje fatte og begripe kva som gjekk av meg kvelden før og freista å overtyda meg sjølv om at eg var den same gamle likevektaren som ikkje trudde på gamalt snakk om skrømt og gjengangarar. Denne måndag ettermiddag skulle eg også få ein tur til Domkyrkja. I 1946 hadde eg vore på eit studentmøte i Hillerød i Danmark. Der hadde eg fått eitpar danske vener, som eg etter møtet hadde gjesta nokre dagar. No var det deira tur til å gjeste min heim. Denne måndagen fann eg på at eg ville syna dei Domkyrkja. Eg fekk lånt meg ein nykkel og fire studentar drog ivegen. No var kyrkja triveleg å koma inn i, lys og høgreist. Alle oppskaka nervekjensler frå kvelden før var jaga bort. Vi ga oss god tid og omsider kom vi opp andre høgda i eit av sideskipa. Der er det innreid et lite kapell som vert kalla speiderkapellet. Der sette vi oss ned og mediterde. Som vi no sat der høyrde vi trinn i kyrkja. Fyrst kunne vi no ikkje heilt lokalisera dei, men etterkvart fann vi ut at

det måtte vera einstad burte ved oktogonen eller ved Mariakapellet. Lyden av stega auka og minka og det var vanskeleg rett å vita kor dei var. Vi sat blikkande stille, våga mest ikkje pusta. Då vi så høyrer at stega kjem nærare og nærare er eg iallefall overtydd om at no er det munken som er ute og går. Eg trur også dei andre var overtydde om det. Brått svingar noko levande seg om hjørnet og kjem inn i kapellet til oss. Eit lite sekund blir det ståande klumsa ved synet av oss og så sig det ned på ein stol med eit lite skrik eller meire som eit pip. Vi fire som sat der var også aldeles klumsa og kanskje skremde. Vi hadde vel alle fire venta å få sjå munken, hjarte hadde banka i oss og vi hadde knapt våga pusta. Vi trudde oss så heilt visst å vera dei einaste i kyrkja.

Etter nokre sekund sansa vi oss alle fem. Den femte var også ein ung student som hadde jobb som vikaromvisar i kyrkja. Så hadde han gløymd jakken sin tidlegare på dagen. Han hadde lagt den der oppe i kapellet og var no på veg for å henta den. Han også var overtydd om å vera einsam i kyrkja og då han brått fekk sjå fire stillesittande menneske i det dunkle kapellet, så meinte han visst også å sjå fire munkar. Situasjonen oppløyste seg til smil, gaman og useieleg glede. Slik det gjernast vert når hjartebank og spente nerver brått kjenner at situasjonen er under kontroll.

Så det mest forunderlege som hendte etter studentmøtet. Dei to danske venene mine hadde slik hug til ein fjelltur for å sjå ei retteleg god gammaldags norsk seter. Slik gjekk det til at vi tirsdagen sat på toget til Soknedal. Vi hadde fått lov til å gjeste setra Kari og Ola Bjørnli hadde under Igelfjellet. Der fekk vi fleire fine dagar. Ein kveld som vi var ute og fiska kom nattemørkret noko snøgt på oss og vi tok det med ro attmed ein eld vi laga oss i vatnkanten. Då det grydde av ein ny dag vart det noko skodde og vi kom til å gå ein rang veg heim til setra. Istaden fann vi ein annan seter ikkje

så langt unna vår forresten. Det var Bergsetra og der vart vi møtt av ei eldre budeie, frk. Frøseth ca. 60 år gamal. På meg helsa ha gamalkjend. At venene mine nikka ho og sa etter bygdens skikk: «Det er framandkarar ute og fær også? Kvar er dei karane frå då?» Då ein av dei sa namnet sitt: «Eg heiter Arne Bøgh og er frå Danmark», sette ho seg beint ned og spurde: «Du skulle vel ikkje vera fødd i Santalistan og mor di vera frå Stavanger?»

«Jau då, det stemmer», svara han. Då rann tårene hennar og ho kom og tok ikring han og slepte han att. Så synte det seg at denne gamle seterbudeia hadde vore interessert i Santalmisjonen frå ho var ung. Då så ei ung jente frå Stavanger i tjugeåra reiste ut til Santalistan, tok ho den avgjerda at ho ville be for denne unge jenta. Det hadde ho halde fram med alle år, også etter at stavangerjenta gifta seg med den danske misjonlækjaren Bøgh og dei fekk ein son ute på misjonsmarken. Og no skulle ho så på ei norsk seter langt til fjells få sjå denne ungguten som var fødd langt burte i eit framant land.

Det vart ei forunderleg stemning inne i denne seterstova denne morgonen. Ho spurde og han svara sannande på mest alt ho spurde han om. Vi som fekk vere med der, kunne ikkje anna enn skyna at det vel måtte vera misjonens herre som hadde førd planane våre slik at denne gamle misjonsven skulle oppleva denne gledesstund.

Så er ikkje anna å føya til enn at Arne Bøgh idag er misjonslækjar på sin fars gamle arbeidsstad i India.

K. R.



Orkland menighet

Røddemøte

21. des. kl. 20.00 hos Peter Ljøkjel.

Misjonsmøte

Bøssetømmingsmøte 8. des. kl. 20.00 hos Helga Ljøkjel.

Lysmesse i Moe

Søndag 14. des. kl. 20.00 Lysmesse i Moe kyrkje der speidarane og konfirmantane deltek. Dessutan vert Orkanter Juniorkorps med.

Søndagsskolejuletefest

som vanleg 2. juledag på Svorkmo Misjonshus.

Barnejuletefest

I år vert det barnejuletefest 4. juledag kl. 19.00 på Svorkmo Misjonshus. Alle barn og vaksne er velkomne. Det vert vist 2 filmar. Underhaldning ved speidarar. Juletefong. Allsang. Enkel bevertning. Andakt. Speidarane arrangerer.

Ungdomsjuletefest

Tradisjonen tru arrangerer I.U.F. juletefest 5. juledag på Svorkmo Misjonshus. Nærmere program seinare.

Eldres kyrkjedag

Søndag 4. jan. kl. 11.00 i Moe kyrkje. Etterpå vert det kyrkjekaffe for alle eldre. Vi ser på lysbilder frå Israel m.m. Kyrkjebuss om Monset.

Misjonssambandet

I tida 9. des - 14. des. vert det møter i Orkland sogn ved Anne Rein.

Bibeltime

7. jan. vert det bibeltime på Svorkmo Misjonshus ved kalls.kap. Sletthjell. Profeten Sakarias blir gjennomgått.

Rødejuletefest

4. jan. på Svorkmo Misjonshus.

Løysing på rebusane

1. Kimer i klokker
2. Deilig er jorden
3. Nå vandrer fra hver en verdens krok

ROMA

Den store begivenhet til våren blir for mange årets „menighetsreise“ til Roma, med kalls.kp.

Ralph Müller som reiseleder og Arne Helland som sjåfør, på en av HOBs prektige "delta-400" busser. 14-DAGERS TUR, AVREISE 20. APRIL, og pris noe under kr. 4500,- som inkluderer hele reisen med moderne turistbuss og båt, lokalguide i Roma, 13 overnattinger samt 28 måltider.

Turen går gjennom: DANMARK - TYSKLAND - SVEITS-

ITALIA OG ØSTERRIKE

med bl.a. mange kjente steder som f.eks. Legoland, Hamburg, Heidelberg, Luzern, Lugano, Firenze, Assisi, Venezia, Innsbruck, München, Rhotenburg o.T. osv.

De første inntegninger er allerede kommet, og vi vil anbefale interesserte å kontakte reisebyrået for nærmere opplysninger og påmelding.

NB: Husk å ordne med gyldig pass!

*HOB's Reisebyrået. Tlf. 074-51411
7200 KYRKSÆTERØRA*

HOB-reiser



Helgavakt

6. - 7. desember
13. - 14. desember
20. - 21. desember
Juleaftan
Juledag
2. dredag jul
27. - 28. desember
31. desember

Sletthjell
Aasen
Rogstad
Sletthjell
Aasen
Rogstad
Rogstad
Sletthjell

Nyårsdag

3. - 4. januar
10. - 11. januar

Aasen

Aasen
Sletthjell

TELEFONAR

Prestekontoret 80 000
Privat:
Rogstad 82 142
Sletthjell 80 589
Aasen 84 188

JUL I ARRESTEN

Da Hans Nielsen Hauge feiret jul i rådstuarresten i Trondhjem. Dømt som løsgjenger.

Av Klara Hoem

Hverken gode tilbud eller venenes inntrengende bønner kunne forandre Hans Nielsen Hauges beslutning om å dra nordover til Trondhjem i juli måned 1799. Han hadde fått «en heftig Lyst til at bereise Trondhjems Stift i Haab om der kunne sanke nogen Frugt ved sin Virksomhed».

25 år var han da han reiste ut fra sin heimbygd for «at tale med sine Medmennesker om vor Saligheds Sag». I tre år hadde han fartet rundt på Østlandet og Sørlandet, hvor han holdt oppbyggesler og samtidig delte ut sine skrifter. Nå var han kommet til Bergenskanten. Fem ganger var han blitt arrestert og fengslet på denne tiden for sin «utilbørlige framferd»: Han — en fattig, ulært bondesønn — å reise landet rundt og tale Guds ord! — Men i Bergen og omegn fikk han arbeide uten hindringer, ihvertfall av øvrigheten, så her måtte det være ideelt å slå seg til! — Det mente også det 70 år gamle jomfru Maren Boe, som hadde testamentert ham 1000 riksdaler, og nå tilbød ham sine betydelige eiendommer om han slo seg til ro i Bergen. Hun hadde «megen Æmhed over mine Forfølgelser og Strabadser», skriver Hauge selv, «hvorfor hun søgte at overtale mig til at blive stille i Bergen. Men jeg svarede: jeg vilde ikke blive stille her, om hun kunde give mig hele Bergen, da det stred imod min Overbevisning og Attraae, og jeg derved maatte forsømme at opbygge mine Medmennesker.» —

Han pakket ranslen full av sine skrifter. Puttet også noe garn og strikkepinner nedi og tok på vandring med kjæpp i hånden. Knebukse og vid vadmelsfrakk hadde han. Det sprenget på av ungdomskrefter i hver muskel, og av glede i sinnet over den skatt

han hadde i sitt hjerte, den kostelige perlen, — troens store gave. Han måtte stundom småspringe, stundom synge av fryd. Men ofte ség ansvaret og den store oppgaven han hadde fått, med tyngde inn over ham. Ja til sine tider snek også tvilen seg inn.

Det ble lange veger å gå mellom hver gang han traff noen, eller så gårder. Da tok han strikketøyet fram, og nyttet tida med å øve den gamle kunsten han hadde lært som smågutt. Mangt et par strømper og våtter, tildels kunstferdige, ble til under de mange milene han la bak seg.

Til Trondhjem kom han i begynnelsen av august. Han hadde fått pass av «Præsidenten i Bergen». Dette måtte alle farende folk ha på grunn av frykt for urolige elementer og en landeplage av løsgjengere, som rekte rundt i den tiden.

Hauge gikk nå først opp til politimesteren med passet sitt og meldte seg. Passet ble straks påtegnet, men like etter han var gått, ble han innhentet av en politibetjent, og politimesteren selv fulgte ham til stiftsamtmann grev Moltke, med påstand om at Hauge skulle arresteres og transporteres hjem. Hauge mente at han etter passet hadde rett til å oppholde seg fritt i byen så lenge han ikke gjorde brudd på landets lover. Han skulle få trykt noen bøker, så det måtte da være ham tillatt like så vel her som andre steder i landet.

Han slapp fri denne gang. Grev Moltke var velvillig innstillet og fattet godhet for Hauge. Da denne embetsmann senere fikk se følgene av Hauges virksomhet, ytret han ønske om at «Han vilde komme til Strinden ogsaa for at virke mod den der herskende Drukenskabs Last, der i høi Grad udarmede Folket».

Det ble snart kjent at Hauge var kommet til byen. Til og med i avisen stod det om ham. Trondhjemske Tidende hadde en usympatisk og grov artikkel, som

Hauge mot god betaling fikk svare på.

Forfølgelsen begynte imidlertid for alvor etter at Hauge hadde virket med oppbyggelsesmøter i november måned på Leinstranda. En av hans venner fra Stange på Hedemark, Lars Olsen Hemstad, fulgte ham og virket sammen med ham. Vekkelsens ild brøt ut, men «alt gikk stille og rolig for sig, saa Bygden var snart ikke til å kjende igjen».

Stedets sokneprest, Hans Eirksen Steenbuch, som var en av den tids lærdeste menn, kunne ikke fordøye dette. Også biskopen, dr. Johan Kr. Schøenheyder, som fra først av var vennlig stemt overfor Hauge, fant senere ut at denne møtevirksomheten måtte stoppes og påla ham å avholde seg fra den. Hauge ville ikke gi noe løfte om dette, og det endte med at både han og Lars Hemstad ble arrestert. Lensmannen på Leinstrand, som var en av Hauges venner, ville ikke ha noe med saken å gjøre. De to arrestantene gikk da frivillig til Trondhjem og meldte seg hos byfogden. Så ble de satt i arrest.

Dagen før julaften ble de sendt tilbake til Leinstrand til forhør. Der var framkommet en masse onde rykter og beskyldninger. Byfogden og stiftsamtmann Angell erklærte at «saa farlige forbrydere bør ikke gaa løse længer». «Men ingen af de 36 Vidner kunde sige andet, end at jeg havde opført mig vel i alle Dele, og at den Opbyggelse jeg havde udført iblandt dem, ei havde virket andet, end at ikke Faa derved havde fattet Afsky til og afstaaet fra Lasterne —», skriver Hauge selv.

Men prost og biskop hadde overlatt dem til øvrigheten, og begge ble ført tilbake til Trondhjems Rådstuearrest for å vente på sin dom. Så var man da fri bråkmakerne, og man kunne holde sin jul i fred! —

Byens folk hadde det travelt med de siste juleinnkjøpene. I gatene lød hestebjellenes klingklang. Det ble feiet og ryddet utenfor husene, og pyntet og laget istand inne. Barna sprang glade og støyende fram og til-

bake og snakket om alt det gode de skulle få å spise, og om julegavene. Snart kimte kirkeklokkene som ringte høytiden inn, og bare noen etternølere skyndte seg inn og lukket porten igjen etter seg. Det var julaften.

Men under byens Rådhus satt Hans Nielsen Hauge i arrest. Her skulle han holde sin jul!

Arrestrommene hadde alle jordgulv. Noen av rommene var små og hadde ingen annen åpning enn døren som vendte mot en innmuret gang. Der var et større rom, «Finstuen», med 2 vinduer, ovn og to brisker, og så gjeldsarresten, som var litt mindre. Fuktigheten og stanken fra disse hullene trengte opp gjennom taket, så det måtte røykes i værelsene over når de skulle brukes. I 7 uker satt Hauge i et av disse hullene.

Intet julelys skinte. Det var ikke noe bord å sette det på. Ikke noe juletre. Det kom ikke noe ekstra julemat heller. Ingen julegaver. —

På brisken satt Hans Nielsen Hauge og tenkte på sine medfanger som satt i Kristiania Tukthus av samme grunn som han. Sannelig ville han skrive et kristelig sendebrev til dem og alle vennene ikveld!

Blant annet skriver han:

«— — — De ugudelige rådslår imot oss, det lærer den daglige erfaring oss. Men dersom vi tror rett på Gud, så blir de til skamme. Om deres raseri, stolthet og deres stadig frambrytende ondskap hersker mens de lever, så vil det dog måtte tie i graven. Da vil de ikke lenger kunne true med sin makt.

— — — Det smerter meg mest at de få arbeidere skal fanges, når høsten er stor. Nå i julen kunne vi vitnet for mange. Det gleder oss dog at også her er der nogen som kan delta i samlingene om ikke vi er med. Fiendene er urolige og klager over at det er for sent å få utryddet vår bevegelse (for om de fanger en av oss, så blir der mange i hans sted. — — —

Gjør eder flid og hils med Guds fred! Opplys om hvor godt det

SNØFRESERE

Priser fra kr. 2.820,—

SALG OG SERVICE

Einar Nøsen & Co.

Tlf. 82 197 — FANNREM

Vi ønsker alle våre abonnenter en GOD JUL

Orkdal Elverk

Motesenteret

Arne K. Mo A.s

Sko for herrer og ungdom.

Konfeksjon for hele familien.

FANNREM

Skal det være noe nytt til jul?

Jeg har utvalget.

H. Hukkelås

7300 Orkanger

Hoff
Begravelsesbyrå

Inneh. Gunvor Hoff.
Ordner alt ved kremasjoner og begravelser samvittighetsfullt.

Adr. Sveligt. 6. Tlf. 80 183.

STØTT
VÅRE ANNONSØRER!

Hans Nielsen Hauge

En god jul ønskes
alle bladets lesere.

**Orkdal
Handelsgartneri**
7320 Fannrem

Alt i maling,
golvbelegg og gardiner.

**Fannrem
Farvehandel**
Tlf. 82332

**S ORKLA
SAMVIRKELAG**

Domus, dagligvareavd.
Byggevarer, Rør og Sanitær
El.installasjon, Norol-senter,
Systemhusavd., Seviceavdelinger

Gunnar Melås

Ass. handelsforretning
Mobil diesel, bensin og oljer.
Tlf. (074) 83 829.
ASBJØRNSLETTET

Fannrem Kafé

Telefon 82 389
Kafé og selskapslokale
Tar imot begravelser

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:
Gunnar Melås, Kåre Gjønnnes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Harald Metliås, Einar
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-
hild Asphjell, Dagny Korsli,
Harald Hukkelås. Bankane. Alf-
hild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås
Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Gunerius Kjøren

vik, Vormstad. Brodert bilde (lang-
sting) Margit Grytdal. Pute nr.
169251, Karen Sommervold, Solbu.
Hekla duk nr. 39178, Ragnar Øyum,
Vormstad. Skjerf nr. 39143, Geir Slett-
ås, Vormstad.

Rett trekning:
L.B. Aasen Jens Indergård

**Orkla
Industrier A.s**

Ferrolegeringsverket
Postboks 10
7301 ORKANGER

Godt utvalg i dagligvarer.
Gaveting for små og store.
K- og rikstilbud.
Vel møtt i butikk og telefon.

Erik Leland A.s
Tlf. 82 280

169507 Ingvar Grytdal. Brodert bilde
(innramma) nr. 169017 Arild Lang-
tind, Rydningen 34, 7000 Tr.heim. Ju-
leløper 1. nr. 169668 Berta Nergård.
Juleløper 2. nr. 39190 Magne Kvern-

TREKNING I

Kirkeringens utlodning:

Mikkel rev (veggbilde) nr. 169852,
Karen Øvervik. Hardangersett nr.

Dører — Vinduer — Trapper
Produsent av:
H.vinduet
Husmorvinduet

Brødrene Lie $\frac{1}{2}$
Orkanger
Telefon 80 127

Mjølke og mjølkeprodukter
hører også med til julebordet.

Orkdal Meieri

Orkdal Sparebank

Tlf. (074) 80 450
FILIALER:
Selbekken Fannrem
Tlf. (074) 85 615 (074) 82 191
Krokstadøra.
(074) 55 589
Bankbuss betjener resten av
distriktet.

Orkanger Ur og Optikk

Verner Svensson
7300 ORKANGER
Telefon (074) 80 195

**CARBOREX
SILISIUMKARBID**

— et skarpt produkt på
verdensmarkedet!

**Orkla
Exolon $\frac{1}{2}$ & Co.**
ORKANGER

**PRESTEKONTORET
Kommunesentret**

Bårdshaug
Tlf. 80 000
Kontortid:
tirsdag - fredag 10 - 14

**Orkdal
Varme og sanitær $\frac{1}{2}$**

Tlf. 82 393
7320 Fannrem



BOKVERKET GARDTALES I ORKDAL

kjem ut til jul og kan verta ei gild gave til jul. Frå no vert
prisen på dette bokverket kr. 300,00 for tingarar. For uta-
bygdes kjem portoen til.

For Arbeidsnemnda **Knut Liøkelsøy, form.**

Gardtales i Orkdal

Dei som har tinga dette bok-
verket vil få bøkene i god tid
føre jul, dei utabygds i posten
og dei innan bygda, på bordet
heime. Dei kjem frå bokbindaren
til oss 10 - 12 desember.

Medan første bindet er på
bortimot 5 hundre sider, så vert
andre bindet på noko over 600.
Av den grunn ser me oss og nødt
til å legge på prisen på bokverket
frå 2 til 300 kroner. Dette vil nok
ikkje slå ut så mykje for bygdas
folk, da mest alle heimar har
tinga bøkene til ein billeg pris,
kr. 150,00, og nokre få etternølar-
ar, til 200. Desse vil i allfall få
sjå, at dei fær mykje for pen-
gane — 11 hundre sider kultur-
stoff.

Ein stor takk til dei som tinga
bøkene så mannjamt på førehand,
og slik gjorde det mogleg for oss
å få til dette utan noko sers stor
belastning for vår kommune,
som ein alt for ofte ser når slike
tiltak skal settast iverk. Elles
viser eg til lysing her i bladet.

For arbeidsnemnda
Knut Liøkelsøy, form.

**DÅ ROALD AMUNDSEN
MARSJERTE TIL KYRKJE.**

Det var ein søndagsmorgon i
1893. På Gardermoen sto 3de
kompani av Kristiania bataljon
oppstilt utafor barakken.

Så sa kapteinen: «Her er guds-
teneste i kyrkja i dag, om nokon
ynsker å gå dit får han tre fram».

Det vart heilt stille i geledda.
Ingen rørde seg. Det låg liksom
ei vedkjenning i det å skulle tre
fram. Så vart stilla broten. Ein
høg kar med kraftig ørnese
kom fram og sto åleine foran
fronten med alle augo på seg.
Det var Roald Amundsen.

Det varte ikkje lenge før det
sto ein breid med han og snart
var det ein til og ein til. Det vart
ein stor tropp som med Roald
Amundsen i teten marsjerte til
Kyrkja denne søndagen.

**8,5% RENTE
UTEN OPPSIGELSE**

Forretningsbankens
nye kontosystem

**Vi betaler mer
og gjør det enklere
for deg**



Det vil
lønne
seg

Forretningsbanken $\frac{1}{2}$
DISTRIKTSBANKEN MED STORBANKENS FORDELER

VELKOMEN TIL KYRKJA

7.12. 2. s. i advent

— Orkdal k. kl. 18. Lysmesse v. prost Rogstad.

— Orkanger k. kl. 18. Lysmesse ved kalls.kap. Slettahjell.

Offer til Samemisjonen.

— Moe k. kl. 20. Advent og Julesong. Res.kap. Aasen og fleire kor medv. Kollekt til menighetsarbeidet.

14.12. 3. s. i advent

— Orkdal k. kl. 15. Adventmøte ved Helge Gudmundsen og Oddvar Hansen.

— Moe k. kl. 20. Lysmesse v. res.kap. Aasen. Offer til ungd.arb.

— Geitastrand k. kl. 20. Lysmesse v. kalls.kap. Slettahjell.

21.12. 4. s. i advent

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje.

— Hoston kl. 11. Gudst. møte v. res.kap. Aasen.

— Orkanger k. kl. 18. «Vi synger jula inn». Kalls.kap. Slettahjell og kor.

24.12. julaften

— Orkdal sjuke- og aldersheim kl. 14. Juleandakt v. prost Rogstad.

— Orkanger Aldersheim kl. 13. Juleandakt v. res.kap. Aasen.

— Orkdal san.f. sjukehus kl. 17.15. Juleandakt v. kalls.kap. Slettahjell.

— Orkdal k. kl. 16. Barnegudst. ved prost Rogstad. Offer til barne- og ungdomsarb.

— Orkanger k. kl. 16. Barnegudstene-ste ved res.kap. Aasen. Offer til Samemisjonen.

— Moe k. kl. 16. Barnegudst. ved res.kap. Aasen. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

25.12. juledag

— Orkdal k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved kalls.kap. Slettahjell. Offer til NMS.

— Orkanger k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved res.kap. Aasen. Offer til NMS.

— Moe k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved prost Rogstad. Offer til NMS.

— Geitastrand k. kl. 15. Høgtidsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til NMS.

— Orkdal k. kl. 20. Julekonsert.

Buss frå Råbygda.

28.12. Søndag etter jul

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. (Dei som ønsker dåp i jula, henvises til Orkdal k. denne søndag).

31.12. Nyårsaftan

— Orkanger k. kl. 18. Kyrkjekonsert. Andakt v. kalls.kap. Slettahjell.

— Moe k. kl. 20. Kveldsmesse med skriftemål v. res.kap. Aasen. Nattverd.

1.1. Nyårsdag

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Santalmisjonen.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til Søndagsskolekretsen. Buss frå Husdalen.

4.1. Kristi Apenbaringsdag

— Orkdal kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetsarbeidet.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res.kap. Aasen. «Eldres kyrkjedag». Offer til arb. bl. eldre.

11.1. 1. s. e. Kr. Apenb.s.

— Orkdal kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved spr. Olav Olsen. Offer til menigh.arb.

— Gjelme bedehus kl. 11. Gudst.møte v. prost Rogstad.



KIMER, I KLOKKER-

ÅRETS JULEGAVE!

«Syng
for Herren»

ORKLAND MANNSKOR
m/solister — piano, orgel. —
Dirigent, Einar Kristiansen.

Kassetten utgis i forbindelse med korets 30-års jubileum. Her finnes 14 sanger fra korets repertoar i disse år. Det er korets ønske at sangene må være med å bringe budskapet om frelse og fred til den enkelte.

Pris kr. 40,—. Kassetter kan bestilles hos:

Kjell Arne Gangås, tlf. (074) 82 641.

Arnfinn Nasset, Tlf. (074) 82 279, (074) 82 300.